

## **Referat frå møte i Vest-Telemarkrådet 10. november 2009.**

Tilstades: Regionordførar Olav Urbø, Arne Vinje, Torstein Tveito, Anne-Nora Oma Dahle, Solveig S. Abrahamsen, Bjørn Nome, Therese Hauger, Hans Kristian Lehmann, Hans Bakke, Sverre Sæter, Per Dehli, Ketil Kiland og sekretær Kjell Gunnar Heggenes.  
I tillegg møtte Frida Sviland og Bjørn Larsen frå Telemark fylkeskommune, Stein Elseth frå Fylkesmannen i Telemark og Haldor Kaasin og Karin Kvålseth frå Vest-Telemark Næringsutvikling.

Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknader.

### **Sak 77/2009 Referat frå rådmøte 13. oktober 2009.**

*Vedtak: Referat frå rådmøte 13. oktober 2009 vert godkjent utan merknader.*

### **Sak 78/2009 Saker til møte i Vest-Telemarktinget 15. desember 2009.**

Det låg føre forslag til sakliste, forslag til budsjett 2010, forslag til rapport arbeidsprogram 2008 - 2009 samt forslag til nytt arbeidsprogram for perioden 2010 – 2011.

*Vedtak:*

*Vest-Telemarkrådet godkjenner forslaget til sakliste for Vest-Telemarktinget 15. desember 2009. I samband med saken om samhandlingsreformen får regionordførar og regionrådsleiar i oppdrag å undersøke med Helse- og omsorgsdepartementet om det er mogleg å få ein person frå politisk leiing til å orientere nærare om saken på møtet 15. desember. Mogleg andre forslag til saker må ligge føre i rådmøtet 1. desember.*

*Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til budsjett for 2010.*

*Vidare godkjenner Vest-Telemarkrådet forslaget til rapport arbeidsprogram 2008 – 2009 med tilleggspunkt gjeldande prøvebustader i Vest-Telemark og attføringssenteret på Rauland.*

*Gjeldande forslaget til nytt arbeidsprogram for 2010 – 2011 har rådet merknader til fylgjande 4 punkt: Spørsmål om punktet gjeldande livsstilinnvandrarak/gode integreringstiltak er breidt nok, spørsmål om samhandlingsreformen skal inn som nytt punkt, spørsmål om mogleg vidareføring av punkt gjeldande landbruket i regionen samt spørsmål om punkt gjeldande breibandutbygging fortsatt skal vera med i programmet.*

*Forslaget til arbeidsprogram vert å sende til kvar enkelt kommune med tanke på moglege merknader til form og innhald. Vidare handsaming vil skje på rådmøtet 1. desember.*

### **Sak 79/2009 Forslag til møtekalender 2010.**

Det låg føre forslag til møtekalender for Vest-Telemarkrådet og Fellesfondet gjeldande 2010.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til møteplan for 2010.*

### **Sak 80/2009 Samhandlingsreformen, orientering frå rådmennene.**

Sissel Bitustøyl orienterte om samhandlingsreformen som vert karakterisert som ”*Største helsereformen i manns minne*”.

Viktige stikkord er at vi blir eldre, det blir fleire å forsørge, det blir færre i arbeid og vi får eit endra sjukdomsbilete mellom anna på grunn av livsstil. Denne utviklinga fører til endra behov innan helseteneste/sjukehusdrift.

Samhandlingsreformen inneber mellom anna at kommunane får eit større ansvar for ein heilskapleg teneste for pasientane. Reformen skisserer 5 hovudgrep:

- Ny framtidig kommunerolle
- Klårare pasientrolle
- Etablering av økonomiske insentiv
- Spesialist-helseteneste som i større grad nyttar sin spesialkompetanse
- Tilrettelegging for tydlegare prioriteringar

Døme på framtidige kommunale oppgåver er: forsterka sjukeheimar, lærings- og meistringstilbod og eigenbehandling, psykisk helse, rus, forankring av lokalt jordmorarbeid samt administrasjon og systemarbeid.

Sissel Bitustøyl la også fram resultatet av kartlegginga som er gjort i høve til dei ressursane regionen rår over innafor helsesektoren. Ressurssituasjonen gjev eit godt utgangspunkt for det vidare arbeidet med helsereformen.

Ketil Kiland orienterte om status i det pågåande arbeidet og la fram ei skisse for det vidare arbeidet. Forslaget inneber mellom anna etablering av ei prosjektstilling i Vest-Telemark med val av ei styringsgruppe samt arbeidsgrupper i dei enkelte kommunane.

Det låg også føre brev frå Tinn kommune adressert til rådmannsutvalet / Vest-Telemarkrådet med spørsmål om eit utvida og utstrakt kommunesamarbeid i samband med samhandlingsreformen.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringane til vitande. Rådmennene får i oppdrag å arbeide vidare med utgangspunkt i det framlagte forslaget. Saken vert å legge fram for nærare handsaming på komande møte i Vest-Telemarkrådet.*

### **Sak 81/2009 Skuletilbodet ved Vest-Telemark vidaregåande skule.**

Regionordførar orienterte om bakgrunnen for saken der Telemark fylkeskommune i komande møte i hovudutval for kompetanse skal handsame forslag om nedlegging av realfagtilbodet ved Vest-Telemark vidaregåande skule på Dalen.

Fylkesopplæringsjef Bjørn Larsen orienterte deretter om dei økonomiske utfordringane som ligg til grunn for forslaget.

Det låg føre utkast til brev adressert Telemark fylkeskommune, Hovudutval for kompetanse der Vest-Telemarkrådet på det sterkaste går mot forslaget.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til brev gjeldande skuletilbodet ved Vest-Telemark vidaregåande skule 2010 – 2011.*

**Sak 82/2009 EU sitt nye postdirektiv, førespurnad frå Kviteseid Venstre v/Jon Ingebretsen. Utsett sak.**

I møte 13. oktober 2009 vart saken utsett til dagens møte.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet finn det rett at realitetshandsaming av denne saken må skje i den enkelte kommune.*

**Sak 83/2009 Energigjenvinning og energiproduksjon ved Langmoen i Nissedal. Orientering v/ Anne-Nora Oma Dahle.**

Anne -Nora Oma Dahle og Aslak Ofte orienterte nærare om saken. Det ligg føre planer om å investere i alt 522 mill. kroner i eit energigjenvinningsanlegg på Langmoen i Nissedal. Anlegget skal årleg energigjenvinne 50 000 tonn organisk nedbrytbart avfall og produsere høgtemperert damp med ein energikapasitet på 120 GWh.

Energien skal nyttast til å produsere fornybar elektrisitet og tørke flis for produksjon av pellets for den europeiske marknaden. Kritiske faktorar er prisen på energi, anleggets totale kostnad samt tilgangen på finansielle midlar. Endeleg beslutning vil bli teke ved komande årsskifte.

**Sak 84/2009 Ymse.**

Mogleg felles friluftsförvaltning.

Karin Kvålset var tilstades og orienterte nærare om saken.

Det låg føre eit notat frå hennar side som peikar på at friluftsliv og tilrettelegging for friluftsliv er viktige faktorar innan folkehelsearbeid og miljø. Notatet stiller til dømes spørsmål om eit samarbeid over kommunegrensene kan sikre at dette vert sett på dagsorden og at ein såleis kan få kompetanse til å gjera noko med dette ?

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande og legg til grunn at dette blir tema i den enkelte kommune.*

”Talenter for fremtiden” – komande konferanse om ungdom som fell utanfor.

Konferansen tek opp problematikken omkring at ein tredel av ungdomen i Telemark ikkje fullfører den vidaregåande utdanninga. I tillegg ligg arbeidsløysa blant ungdom i Telemark over landsgjennomsnittet, Telemark har høgare andel av unge trygdemottakarar enn landet elles og vi har fleire unge som får sosialhjelp.

Konferansen er eit samarbeid mellom NAV, Telemark fylkeskommune, fylkesmannen i Telemark, KS og NHO.

Det kom også fram at konferansen, som var planlagt å finne stad no i november, verr utsett til mars 2010.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek opp att saken på komande rådsmøte og inviterer prosjektleiar Ole Johnny Hansen frå NAV Telemark til å orientere nærare om saken.*

BU-midlane og styringsplanen for landbruk og bygdeutvikling.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet ynskjer å sjå nærare på bruken av BU-midlane og vidareføringa av styringsplanen for landbruk og bygdeutvikling i Telemark 2005 – 2009. Rådet vil invitere representantar frå Innovasjon Norge og fylkesmannens landbruksavdeling for nærare drøftingar på eit seinare rådsmøte.*

Referent: Kjell Gunnar Heggenes